



Familien Legland Andrei med dåpsborna Lian og Dexter.

Kyrkja var mest fullsett då tre born vart døypte i Uskedalen i dag. To av dei var tvillingane Lian og Dexter Legland Andrei. Det tredje var Ragnhild Aas Hovland. Presten, Lina Håland, la inn innslag med born og song der kyrkjelyden vart aktivisert.

Teksten på 9. søndag i treeiningstida er henta frå Lukas kap 6 om: ' Bror, lat meg ta flisa ut or auga ditt, du som ikkje ser bjelken i ditt eige auga '. Bodskaen er å vera miskunnskap og ikkje døma og seia vonde ord om andre. Handlinga vart konkretisert i kyrkja i dag ved at eit lite barn fekk ei flis. mens presten sjølv heldt ein bjelke føre sine augo. Kyrkjjetenarane Erlingur Nielsson og Magne Eik vart sett inn i hjelpande roller med å ta bort bjelken og flisa.

I kyrkjebøna vart dei tragiske hendingane i Nice og i Tyrkia nemnde.



Familien Aas Hovland med dåpsbarnet Ragnhild.



Rørende og vakkert var det då sokneprsten song med den fløyelsmjuke gode songstemma si til kvart av dåpsbarna.(Foto: T. I. Døsland)



Det sette ein spiss på gudstenesta då Lina Håland aktiviserte born og kyrkjelyd med barnesongar med bevegelsar.(Foto: T. I. Døssland)



Ei fullsett kyrkje hadde ei god stund under gudstenesta og avslutta med applaus etter postludiumet. (Foto: Thor Inge Døssland)
Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal